

Laste ned musikk frå Internett

Vanskegrad og forkunnskapar: Du må kunne søke på Internett, og forstå korleis du kan veksle mellom open nettside og programsida.

Framgangsmåten for nedlasting av musikk er basert på bruk av YouTube, pluss eit program (app) for konvertering til mp3-format.

YouTube Musikk er ei «strøymeteneste» for musikk og mobilapp utvikla av YouTube. Den gir eit skreddarsydd grensesnitt for tenesta orientert mot musikkstrøyming, slik at brukarane kan bla gjennom songar og musikkvideoar på YouTube på grunnlag av sjangrar, spelelister og anbefalingar. (Oversett frå engelsk [Wikipedia \(engelsk\)](#))

Det finst mange program (appar) for å laste ned og konvertere musikk frå nettet, både appar som du installerer på PC-en, og appar som du kan bruke direkte frå nettet (online appar). Online-appar er på mange måtar enklast å bruke fordi du ikkje treng å installere noko på PC-en. Men mange har den ulempa at det gjerne følgjer med ein del reklame, eller enda meir irriterande, ulike andre program «henger» seg på.

Framgangsmåten som er vist her gjeld for YouTube og appen «MP3Studio You Tube Downloader» ([MP3Studio You Tube Downloader](#))

Framgangsmåte


Det første du skal gjere er å laste ned appen «MP3Studio You Tube Downloader»

Punkt 1 til 11 viser dette.

- 1 Hald kontrolltasten nede og klikk på lenka [MP3Studio You Tube Downloader](#).
- 2 På sida du får opp klikkar du på det grønne feltet der det står «DOWNLOAD MP3STUDIO FOR FREE», sjå illustrasjon.

DOWNLOAD MP3STUDIO FOR FREE

- 3 Så følgj du dei vanlege stega for nedlasting av appar. Klikk «kjør» dersom feltet med dette kjem opp nede på skjermen, og klikk «Ja» i boksen med spørsmålet «Vil du tillate at denne appen ... gjør endringer på enheten?».
- 4 Neste trinn er å velge språk. Sannsynlegvis står det «English» i boksen som kjem fram. Klikk på pila i feltet for språk og vel «Nynorsk», klikk i boksen for å godta lisensavtala, og deretter på «Installer»
- 5 Nå startar sjølvne nedlastinga, men OBS! for dei neste neste boksane. Først klikkar du «avslå» for antivirusappen «Avast», og «avslå» for nettlesaren «Opera».
- 6 I siste boks klikkar du «Kjør», og sjølvne appen (konverteringsprogrammet) vil opne seg. Ikonet for appen vil vise på oppgavelinja. Fest appen (ikonet) til oppgavelinja, slik at den er lett å opne når du skal bruke den. Startside for appen ser ut som vist på neste side.
- 7 Sjølv om du valde språk under nedlastinga (pkt. 4) så er startside på engelsk.
- 8 Klikk på «Settings» i feltet til venstre på sida, og bruk pila i feltet «Language» til å velje språk på nytt. Bla nedover til du finn «nynorsk» og klikk på det, og deretter «save changes» oppe til høgre på sida.
- 9 Språket på sida er endra til norsk.



10 I området der det står «BRUKERFILER» og «Last ned bane» klikkar du på «Søk»


11 Nå får du opp eit utsnitt av «Filutforskar». Her blar du til du finn «Musikk»-mappa. Klikk på den, og deretter OK.

Musikkfilene du lastar ned vil nå bli lagra i «Musikk»-mappa.


Finne musikk (songar, melodiar) du vil laste ned.

12 Skriv «Youtube music» i adressefeltet på startside (Internett), og trykk «Enter»-tasten.

13 Du må kanskje rulle litt ned til du finn «YouTube Music», med nettadresse [«https://music.youtube.com/»](https://music.youtube.com/). Klikk på lenka «YouTube Music», sjå under.



14 Nå får du opp startside for «YouTube Music», som er om lag slik:




15 Klikk på «lupa» øvst til høgre. Du får opp eit felt der det står «søk».

16 Skriv «Sigrid Moldestad» i søkefeltet. Trykk «Enter», og du får fleire valg med Sigrid Moldestad.

17 Klikk på «Sanger» («Songs») rett under søkefeltet, og rull ned til du finn «Vise til far». Velg den med klikk.

18 Klikk i adressefeltet øvst på sida som kjem fram slik at det som står der blir blått, sjå under:




19 Kopier heile «adressestrengen»

20 Klikk på ikonet for «MP3Studio You Tube Downloader» på oppgavelinja så du får opp startside for konverteringsappen på nytt, sjå under.



21 Høgreklikk i det lange, lyse feltet og velg «Lim inn» i menyen du får fram



22 Klikk på «Konverter» til høgre for der du lima inn det du kopierte i pkt. 19. Musikkfila blir konvertert til ei mp3-fil. (Dette kan ta litt tid)

23 Opne «Filutforskar» og leit deg fram til «Musikk»-mappa i «Navigasjonsruta» til venstre.

24 Opne «Musikk»-mappa med dobbeltklikk og du vil sjå at «Vise til far» er komen i mappa.

	Navn	#	Tittel	Artister som bidrar	Album
	Engelsk				
	Religiøse sanger				
	En liten gylden ring,...				
	Hestehandlarar				
	HMKG 2012. Valdres...				
	Kari Bremnes - Den...		Denne veien	Kari Bremnes	Og så kom resten av I...
	Kari Bremnes - Nytt...		Nytt imellom oss	Kari Bremnes	Og så kom resten av I...
	Kari Bremnes & Rik...		Fantastisk Allerede (Nyinn...	Kari Bremnes	Fantastisk Allerede
	KARI BREMNES Hur...	15	Hurtigrute	Kari Bremnes	Pegasus: Musikk-Cd ...
	Ljus och värme		Ljus och värme		
	Margareta Kjellberg...		Alpens ros	Margareta Kjellberg	
	Sangen Til Bygda		Sangen Til Bygda		
	Sigrid Moldestad - ...		Tonen i meg	Sigrid Moldestad	
	Sissel Kyrkjebø - Un...		Sissel Kyrkjebø - Ung Åsla...		
	Vestvågøy i Lofoten...	1	E du nord	Kari Bremnes	Og så kom resten av I...
	Vise til Far (HD)				

25 **Ferdig.** Sigrid Moldestads «Vise til far» er lasta ned og lagra i Musikkmappa på din PC.

Gratulerer!